

Uttale frå RMNF for RTP 2018-2029.

Planutkastet gjer ei grei oversikt over stoda pr. i dag. Hordaland fylke har eit svært utfordrande vegnett, som vil krevja store investeringar, både på vedlikehald og på nybygg. Regjeringa hadde lenge ei målsetting om at Noreg skulle vera universelt utforma (UU) innan 2025. Denne målsettinga har ein no gått bort frå, og det verkar som fylkeskommunen gjer det same. Dersom hovudveksten i persontransporten skal takast av kollektivtransporten, så trengs det ei meir offensiv haldning.

Under punkt 2.2. Mål og strategiar, er ikkje universell utforming nevnt, og heile kapittelet er svært forsiktig formulert. Setningar som; "legge nøktern standard til grunn ved utbetring av eksisterande vegar og punkttiltak" og "einskilde haldeplassar med mindre trafikk..... kan oppgraderast til ein enklare standard", er teikn på at fylket vil leggja seg på ein enklare standard enn universell utforming. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at universell utforming må vere eit sentralt mål i den regionale planen og løftast tydelegare fram. Som ein strategi for utvikling av regionsentre må også kollektivtransporten mellom sentra i større grad bli universelt utforma.

3.1.3 Sykkel og gange. Peikar på store utfordringar, men har ingen løysingar. Siste kartlegging av gang og sykkeltilbod vart gjort i 1997, og må vel seiast å vera utdatert. Her trengs ein ny kartlegging.

5.2.9 Auka satsing på gange og sykkel. Her tar ein opp at det i nokre tilfelle vil vera behov for å skilja mjuke frå harde trafikkantar. Ser ein dette saman med tiltak 5.1 i Handlingsprogrammet, behovslistar for rassikring, så vil ein sjå at ein kan få store utfordringar for dei mjuke trafikkantane. I samband med rassikring vil ein ofte få tunell til erstatning for ein rasutsatt veg, og gamlevegen blir stengt, så her må både mjuke og harde trafikkantar dele på plassen i tunellen. Som mjuke trafikkantar reknast også personar i rullestol, både manuell og elektrisk. RMNF vil tilrå ein konsekvensutredning på dei strekningane der veg blir erstatta av tunell.

6.3.6 Transportordninga for funksjonshemma. RMNF meiner at ordninga er viktig for «tunge TT-brukarar» (brukarar av elektrisk rullestol og blinde/sterkt svaksynte) og at TT-ordninga må vidareførast og utvidast.

05.04.17

Rådet for menneske med nedsatt funksjonsevne